

## M Ø T E R E F E R A T

--- «» ---

Møte: Tredje forhandlingsmøte for ny intensjonsavtale om kommunesamanslåing mellom Sykkylven og Stranda kommunar  
Dato: 24. september 2019  
Tid: 16:00 til 18:30  
Stad: Brannstasjonen i Sykkylven

Møtelyd: Politisk deltakarar:  
Odd Josten Drotninghaug, ordførar Sykkylven kommune  
Anne Karin Watters  
Jarle Strømmegjerde  
Eldar Høydal  
Ove Bjerkan  
Jan Ove Tryggestad, ordførar Stranda kommune  
Arild Ringdal  
Frank Sve  
Svein Lunde

Administrative deltakarar:  
Åse Elin Hole, rådmann Stranda kommune  
Ståle Anker Ljøen  
May-Helen Molvær Grimstad, rådmann Sykkylven kommune  
Njell Hoftun

Tillitsvalde:  
Astrid Ringdal, vara for Heidi Smørdal-Ask  
Heidi Smørdal-Ask  
Monica Skjortnes  
Øyvind Lyngstad

Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

Ikkje møtt: Politiske deltakarar:  
Odd Arne Eidem  
Trond Otto Berg  
Rolf Bergmann  
Svein Erik Rimstad

Tillitsvalde  
Jens Vik

Referent: Erlend Krumsvik, forhandlingsleiar ny intensjonsavtale

---

1. **Møtet starta med felles måltid**
2. **Presentasjon av forhandlingsutvala sine individuelle prosessar med gjennomgang av utkast til intensjonsavtale.**
  - Begge forhandlingsutvala har gjennomført individuelle prosessar med gjennomgang av utkast til intensjonsavtale om mogleg kommunesamanslåing av Sykkylven og Stranda kommunar.
  - Sykkylven presenterte sine moment fyrst, deretter Stranda kommune. Alle punkt som fram vart utheva i dokumentet undervegs.
3. **Forhandlingar**
  - Dei punkta som vart utheva under sak 2, vart gjenstand for nye forhandlingar, og møtelyden kom greitt fram til eit nytt omforeint dokument.
  - Vedlagt dokument skal leggst fram for dei nye forhandlingsutvala, og brukast som prosessdokument i felles kommunestyremøte 7. til 8. november 2019.
  - Det er dei nye forhandlingsutvala som skal kome med innstilling til kommunestyra i begge kommunar.
4. **Lobbyarbeid mot kommunal- og moderniseringsdepartementet**
  - Spørsmålet om nye satsar for arbeidsgjevaravgift er eit viktig punkt for begge forhandlingsutvala, og er ein faktor som ein ønsker avklart så tidleg som mogleg i ein evt. samanslåingsprosess. Dersom satsen for Stranda blir auka på bakgrunn av samanslåinga, kan dette utfordre ein samanslåingsprosess.
  - Møtet var omforeint om eit oversendingsforslag til dei nye forhandlingsutvala, om at eit lobbyarbeid mot kommunal- og moderniseringsdepartementet blir gjennomført.
5. **Samtale om felles kommunestyremøte i Geiranger, 7. og 8. november 2019.**
  - Møtet er for alle kommunestyrerepresentantar, men også representantar frå administrasjon og tillitsvalte som har følgd prosessen er omfatta av møteinvitasjonen – som observatørar.
  - Forhandlingsleiar Erlend Krumsvik presenterte eit forslag til prosess og dagsorden for dette møtet, og det vart tatt opp til diskusjon i forhandlingsutvala. Forslaget er lista opp under:
    - i. Torsdag 7. november
      1. 12:00 til 13:00 Felles lunsj
      2. 13:00 til 13:15 Velkomen v/ordførarar
      3. 13:15 til 14:45 Fylkesmannen
      4. 15:00 til 16:30 Bygging av ny kommune
        - a. Erfaringsdeling frå nye Molde kommune
      5. 18:30/20:30 Middag/Sosialt
        - a. Kulturelt innslag (ansvarleg Stranda kommune?)
    - ii. Fredag 8. november
      1. 08:00 til 09:15 Presentasjon av intensjonsavtalen v/ordførarar
        - a. Spørsmål og svar. Forhandlingsutvala svarar.
      2. 09:30 til 11:30 Prosess/gruppearbeid med intensjonsavtalen
        - a. Kva er ein intensjonsavtale, innleiing ved Erlend Krumsvik
        - b. Er alle relevante moment med i intensjonsavtalen?
        - c. Er det moment i intensjonsavtalen som bør endrast/spesifiserast?
        - d. Kva vil være dei største utfordringane ved å slå saman kommunane?
        - e. Gruppenotat og gruppepresentasjonar.
      3. 11:30 til 12:30 Felles lunsj

- Det er dei nye forhandlingsutvala som skal forankre denne prosessen.

#### **6. Samtale om vidare prosess**

- Forhandlingsleiar Erlend Krumsvik kom med ei påminning om at begge konstituerande kommunestyremøta i Sykkylven og Stranda kommunar må velje nye medlemmar til forhandlingsutvala.
- Administrasjonen skal oversende namn og e-postadresser til alle kommunestyrerepresentantar, samt dei nye medlemmane i forhandlingsutvala, til forhandlingsleiar.
- Felles kommunestyremøte er eit viktig prosessmøte for dei nye forhandlingsutvala, og det er viktig at dette møtet er forankra i dei nye forhandlingsutvala.
  - i. Vedtak: Fyrste møte for dei nye forhandlingsutvala blir fredag 1. november, kl 08:30 til 10:00, på Color Line Stadion i Ålesund (i forkant av Arena Sunnmøre).
  - ii. Det skal også gjennomførast eit andre møte i dei nye forhandlingsutvala etter det felles kommunestyremøtet, der innspel frå dette møtet skal handsamast mot forslag til intensjonsavtale. Tidspunkt for dette møtet blir vedtatt i møte 1. november.

Møtet var avslutta med at forhandlingsleiar takka begge forhandlingsutvala for god forhandlingsskikk, og god prosess. Ein spesielt takk vart også gitt dei som ikkje blir med i prosessen vidare.

**Vedlegg:** Forslag til intensjonsavtale for Storfjorden kommune\_240919

Erlend Krumsvik

Referent